

Budsjettforslag Ap, Sp og KrF 2023-2026

Ålesund kommune

Budsjettforslag Ap, Sp og KrF

Driftsendringar oppsummert

Budsjettforslaget har ei tydelig retning ved at Oppvekst har fått ei netto styrking på nærare 8 mill. i forhold til KD si innstilling. Med den omfordelinga som er lagt inn i budsjettforslaget er målet å redusere behovet for spesialundervisning og styrke tidleg innsats i skulen.

Budsjettforslaget er saldert med ca. 2% påslag i forventa skatteintekter kombinert med eit nedtrekk i avsetningar til driftsfond.

1A Bevilgningsoversikt - drift

Beløp i 1000

	2023			2024			2025			2026		
	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring
Rammetilskot	-1 909 189	-1 909 189	0	-1 909 189	-1 909 189	0	-1 909 189	-1 909 189	0	-1 909 189	-1 909 189	0
Inntekt- og formuesskatt	-2 405 950	-2 455 950	-50 000	-2 405 950	-2 440 950	-35 000	-2 405 950	-2 460 950	-55 000	-2 405 950	-2 460 950	-55 000
Eigedomsskatt	-200 000	-136 000	64 000	-200 000	-136 000	64 000	-200 000	-136 000	64 000	-200 000	-136 000	64 000
Andre generelle driftsinntekter	-115 650	-115 650	0	-115 650	-115 650	0	-115 650	-115 650	0	-115 650	-115 650	0
Sum generelle driftsinntekter	-4 630 789	-4 616 789	14 000	-4 630 789	-4 601 789	29 000	-4 630 789	-4 621 789	9 000	-4 630 789	-4 621 789	9 000
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	4 366 980	4 368 955	1 975	4 272 867	4 284 194	11 327	4 271 766	4 295 122	23 356	4 274 264	4 294 428	20 164
Avskrivningar	141 260	141 260	0	141 260	141 260	0	141 260	141 260	0	141 260	141 260	0
Sum netto driftsutgifter	4 508 240	4 510 215	1 975	4 414 126	4 425 453	11 327	4 413 025	4 436 381	23 356	4 415 523	4 435 687	20 164
Brutto driftsresultat	-122 549	-106 574	15 975	-216 663	-176 336	40 327	-217 764	-185 408	32 356	-215 266	-186 102	29 164
Renteinntekter	-242 000	-242 000	0	-265 000	-265 000	0	-265 000	-265 000	0	-265 000	-265 000	0
Utbytte	-25 000	-25 000	0	-25 000	-25 000	0	-25 000	-25 000	0	-25 000	-25 000	0
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-20 000	-20 000	0	-20 000	-20 000	0	-20 000	-20 000	0	-20 000	-20 000	0
Renteutgifter	295 363	295 363	0	351 363	350 917	-446	358 363	358 118	-245	369 363	368 896	-467
Avdrag på lån	126 700	126 700	0	134 700	134 096	-604	139 700	139 028	-672	146 700	146 028	-672
Netto finansutgifter	135 063	135 063	0	176 063	175 013	-1 050	188 063	187 146	-917	206 063	204 923	-1 139

Budsjettforslag Ap, Sp og KrF 2023-2026

Motpost avskrivningar	-130 520	-130 520	0	-130 520	-130 520	0	-130 520	-130 520	0	-130 520	-130 520	0
Netto driftsresultat	-118 007	-102 032	15 975	-171 120	-131 843	39 277	-160 221	-128 782	31 439	-139 723	-111 698	28 025
Overføring til investering	11 000	11 000	0	11 000	11 000	0	11 000	11 000	0	11 000	11 000	0
Avsetningar til bundne driftsfond	4 281	4 281	0	4 281	4 281	0	4 281	4 281	0	4 281	4 281	0
Bruk av bundne driftsfond	-13 961	-13 961	0	-13 961	-13 961	0	-13 961	-13 961	0	-13 961	-13 961	0
Avsetningar til disposisjonsfond	116 686	100 711	-15 975	169 799	130 522	-39 277	158 900	127 461	-31 439	138 402	110 377	-28 025
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	118 007	102 032	-15 975	171 120	131 843	-39 277	160 221	128 782	-31 439	139 723	111 698	-28 025
Meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Inntekt- og formuesskatt

Skatteanslaget er auka med 2,0% i 2023, 1,5% i 2024 og 2,2% i 2025 og 2026.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er vidareført på same nivå som i 2022 og såleis ikkje

Avsetningar til disposisjonsfond

Avsetningar til disposisjonsfond er i underkant 2% i 2023, med ein svak auke i økonomiplanperioden.

1B Bevillingar - drift

Beløp i 1000

	Innstilling	2023 Mitt forslag	Endring	Innstilling	2024 Mitt forslag	Endring	Innstilling	2025 Mitt forslag	Endring	Innstilling	2026 Mitt forslag	Endring
Organisasjon	213 260	210 560	-2 700	200 401	200 401	0	199 601	201 601	2 000	200 101	202 101	2 000

Budsjettforslag Ap, Sp og KrF 2023-2026

Helse	1 727 637	1 723 801	-3 836	1 655 700	1 656 664	964	1 651 700	1 652 664	964	1 651 700	1 654 664	2 964
Oppvekst	1 790 404	1 798 254	7 850	1 775 759	1 780 609	4 850	1 775 127	1 780 477	5 350	1 775 127	1 780 477	5 350
Samfunn	227 603	228 264	661	230 001	230 137	136	230 001	232 237	2 236	230 501	233 137	2 636
Kommuneleieing	11 219	11 219	0	11 219	11 219	0	11 219	11 219	0	11 219	11 219	0
Frie inntekter, finans mm	518 495	518 495	0	521 424	526 801	5 377	525 755	538 561	12 806	527 253	534 467	7 214
Utgåtte ansvar	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Herv:	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Avskrivninger	131 310	131 310	0	131 310	131 310	0	131 310	131 310	0	131 310	131 310	0
Netto renteutgifter og -inntekter	7	7	0	7	7	0	7	7	0	7	7	0
Avsetninger til bundne driftsfond	4 281	4 281	0	4 281	4 281	0	4 281	4 281	0	4 281	4 281	0
Bruk av bundne driftsfond	-13 961	-13 961	0	-13 961	-13 961	0	-13 961	-13 961	0	-13 961	-13 961	0
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	4 366 980	4 368 955	1 975	4 272 867	4 284 194	11 327	4 271 766	4 295 122	23 356	4 274 264	4 294 428	20 164

Tiltak i driftsbudsjettet med endringer

Beløp i 1000

	Innstilling	2023 Mitt forslag	Endring	Innstilling	2024 Mitt forslag	Endring	Innstilling	2025 Mitt forslag	Endring	Innstilling	2026 Mitt forslag	Endring
Tidligere vedtatte tiltak												
Ordning, listeføring og avlevering av papirarkiv	2 200	0	-2 200	2 200	2 200	0	2 200	4 200	2 000	2 200	4 200	2 000
Omstilling og effektivisering												
Atlanterhavsparken akvarium og vitensenter - redusert overføring	-1 000	-1 000	0	-1 000	-500	500	-1 000	-500	500	-1 000	-500	500
Optimalisering av bilhald	-500	-1 000	-500	-1 500	-2 000	-500	-1 500	-2 000	-500	-1 000	-1 500	-500
Sum Organisasjon	700	-2 000	-2 700	-300	-300	0	-300	1 700	2 000	200	2 200	2 000
Omstilling og effektivisering												
Prosjekt natt - forventa innsparing - Butenesta og vh	-20 000	-22 000	-2 000	-20 000	-22 000	-2 000	-20 000	-22 000	-2 000	-20 000	-20 000	0
Psykisk helse og rus												
Reduksjon av byråkostnader/innleige for kommunalområdet Helse	-15 000	-20 000	-5 000	-30 000	-30 000	0	-30 000	-30 000	0	-30 000	-30 000	0

Budsjettforslag Ap, Sp og KrF 2023-2026

Reduksjon av overtid/forskyvningar i heile kommunalområdet Helse	-15 000	-17 000	-2 000	-15 000	-17 000	-2 000	-15 000	-17 000	-2 000	-15 000	-17 000	-2 000
Omlegging av turnus VH	-3 000	-2 000	1 000	-3 000	-2 000	1 000	-3 000	-2 000	1 000	-3 000	-2 000	1 000
Psykisk helse/rus												
Omlegging fra langvakter til ordinær turnus i bustadar	-1 600	0	1 600	-1 600	0	1 600	-1 600	0	1 600	-1 600	0	1 600
Nye tiltak												
Møbler omsorgssenter	0	200	200	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Organisering av sjukepleiarar i stab, Skarbøvik sykehjem	0	2 364	2 364	0	2 364	2 364	0	2 364	2 364	0	2 364	2 364
Sum Helse	-54 600	-58 436	-3 836	-69 600	-68 636	964	-69 600	-68 636	964	-69 600	-66 636	2 964
Tidligere vedtatte tiltak												
Omstillingsarbeid i høve introstønad/vaksenopplæring - flyktning	-2 000	-2 000	0	-2 000	-2 000	0	-2 000	-2 500	-500	-2 000	-2 500	-500
Fagstab opplæring - endra tildelingspraksis	-1 000	-2 000	-1 000	-1 000	-2 500	-1 500	-1 000	-3 000	-2 000	-1 000	-3 000	-2 000
spesialpedagogisk hjelp til private skular												
Grunnskole - endra tildelingspraksis	-1 000	-2 000	-1 000	-3 000	-4 500	-1 500	-3 000	-5 000	-2 000	-3 000	-5 000	-2 000
spesialpedagogiske tenester												
Redusert bruk av konsulenttenester i barnvernet	-450	-600	-150	-450	-600	-150	-450	-600	-150	-450	-600	-150
Politiske vedtak												
Reduksjon skoleledelse Haram*	0	-1 000	-1 000	0	-1 000	-1 000	0	-1 000	-1 000	0	-1 000	-1 000
Reduksjon spesialundervisning*	0	-2 000	-2 000	0	-4 000	-4 000	0	-2 000	-2 000	0	-2 000	-2 000
Styrke ordinær undervisning*	0	12 000	12 000	0	12 000	12 000	0	12 000	12 000	0	12 000	12 000
Styrking av bemanning i klasserommet Haram*	0	1 000	1 000	0	1 000	1 000	0	1 000	1 000	0	1 000	1 000
Sum Oppvekst	-4 450	3 400	7 850	-6 450	-1 600	4 850	-6 450	-1 100	5 350	-6 450	-1 100	5 350
Tidligere vedtatte tiltak												

Budsjettforslag Ap, Sp og KrF 2023-2026

Ressursar til rullering av arealplan	1 000	0	-1 000	3 000	1 000	-2 000	3 000	3 000	0	3 000	3 000	0
Nye tiltak												
Auke i talet på offentlege planar	1 000	500	-500	1 500	1 000	-500	1 500	800	-700	2 000	1 300	-700
Deltagelse i NOVU	0	300	300	0	300	300	0	300	300	0	700	700
Delvis tilbakerføring av søkbare tilskot til barn og unge	0	500	500	0	500	500	0	500	500	0	500	500
Feilretting og kvalitetssikring av matrikkelen	0	800	800	0	800	800	0	800	800	0	800	800
Ingen auke i kontingentsatsane for kulturskule i 2023	0	226	226	0	226	226	0	226	226	0	226	226
Innføring av opplevelseskortet	0	50	50	0	50	50	0	50	50	0	50	50
Kulturskoletilbod i SFO (1. - 3. trinn)	0	37	37	0	148	148	0	148	148	0	148	148
Styrking (gjeninnføring) av musikkterapitilbodet	0	94	94	0	226	226	0	226	226	0	226	226
Styrking av mannskap knytt til vedlikehald av grøntområde	0	800	800	0	800	800	0	800	800	0	800	800
Styrking/vidareføring av teatertilbod (Gomerteateret og tilrettelagt teater for personar med funksjonsnedsettingar)	0	13	13	0	54	54	0	54	54	0	54	54
Tilbakeføring	0	200	200	0	400	400	0	700	700	0	700	700
Drømmesommer	0	100	100	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Tilskot Aalesund museum	0	100	100	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Politiske vedtak												
Generelt kutt i kommunalområdet Samfunn*	0	-1 000	-1 000	0	-1 000	-1 000	0	-1 000	-1 000	0	-1 000	-1 000
Omstilling og effektivisering												
Redusere ventelistene på dans	0	14	14	0	56	56	0	56	56	0	56	56
Redusere ventelistene til visuell kunst	0	27	27	0	76	76	0	76	76	0	76	76
Sum Samfunn	2 000	2 661	661	4 500	4 636	136	4 500	6 736	2 236	5 000	7 636	2 636

Nye tiltak												
Endring i ramme ÅKE 2023	18 495	18 495	0	18 495	23 872	5 377	18 495	31 301	12 806	18 495	25 709	7 214
Sum Frie inntekter, finans mm	18 495	18 495	0	18 495	23 872	5 377	18 495	31 301	12 806	18 495	25 709	7 214

Ordning, listeføring og avlevering av papirarkiv

Tiltaksbeskriving

Ålesund kommune har pr i dag om lag 5200 hyllemeter med papirarkiv. Av disse er 1700 avlevert til Interkommunalt arkiv. Vi står att med 3500 hyllemeter delvis uordna arkiv som er plassert i 3 bortsettingsarkiv. Vi har hatt tilsyn fra Statsarkivet, og fått pålegg om å legge ein plan for ordning og listeføring av desse arkiva, med frist for ferdigstilling av arbeidet innan 5 år, der vi har estimert ein kostnad på 20 million. Der vil ikkje vere ressursar eller kapasitet til å kunne gjennomføre dette på 5 år, men vi vil i samarbeid med Interkommunalt Arkiv og foreslå ein plan, der arbeidet blir fordelt på 9 år frå år 2023 slikt at ein ikkje belastar unntaksåret 2022.

Alternativ gjennomføring på fem år er 4,4mill per år i perioden 2023 til 2026.

Atlanterhavsparken akvarium og vitensenter - redusert overføring

Tiltaksbeskriving

Siden 2020 har Ålesund kommune bidratt med kr 2,5 mill i årlig driftsstøtte til Atlanterhavsparken akvarium og vitensenter.

Atlanterhavsparken kan vise til god økonomisk drift, og har styrka sin egenkapital de siste årene. Driftstøtta foreslås redusert til kr 1,5 mill.

Endringsbeskriving

Driftsstøtte til Atlanterhavsparken har vore 2,5 mill dei siste åra. KD foreslår ein million i kutt. Vi legg tilbake 500' i 2023 vidarefører dette i resten av økonomiplanperioden. Ønsker å få på plass ein samarbeidsavtale med Atlanterhavsparken.

Optimalisering av bilhald

Tiltaksbeskriving

Dagens bilflåte består i dag av eigde og leasa biler og Otto-bilar/bilar med delingsteknologi. Budsjett og ansvar for bilhald er idag plassert ute i verksemdene. Det er ønskelig å sentralisere bilforvaltninga og identifisere kostnadsbesparelser gjennom bedre og meir effektive løysingar.

Budsjett for bilhald ligg idag i verksemdene. I løpet av 2023 vil ein sjå på ein sentralisert løysing, og eventuelt flytte budsjettet frå verksemdene til ein samla budsjettpost.

Prosjekt natt - forventa innsparing - Butenesta og vh Psykisk helse og rus

Tiltaksbeskriving

Det blir oppretta eit prosjekt der ein arbeider vidare med bruk av nattevakt ressursar i Butenesta og VH psykisk helse/rus . Erfaring frå omstillingsarbeid i nokre verksemdar syner at bruk av velferdsteknologi og endring av bemanningsnorm og turnus er god, og ein forventar ei innsparing ved endra drift. Dette skal utviklast vidare.

Reduksjon av byråkostnader/innleige for kommunalområdet Helse

Tiltaksbeskriving

Kommunen har dei siste åra hatt store kostnader knytt til innleige frå eksterne vikarbyrå, dette gjeld først og fremst legar og sjukepleiarar. Vi må i større grad organisere oss slik at tenestene er forsvarlige, men at vi ikkje har muligheit til å bruke vikarbyrå ved vakansar.

Reduksjon av overtid/forskyvningar i heile kommunalområdet Helse

Tiltaksbeskriving

Som ein del av omstillingsarbeidet vert verksemdene utfordra med tanke på forbetra bemanningsplanlegging, herunder å utvide verktøykassa til også å kunne ha årsturnus. Det er viktig at kvar verksemd har god nok tilgang på tilkallingsvikarar for å unngå overtidsbruk.

Omlegging av turnus VH Psykisk helse/rus

Tiltaksbeskriving

Omlegging av turnus i heildøgns bemanna bustad. Dagens turnus er kostnadsdrivande, og det er behov for ny gjennomgang av turnustype og bemanningsnorm. Det vil bli sett i gang prosessar med tanke på slik gjennomgang, i nær dialog med brukarar/pårørande og tilsette.

Omlegging fra langvakter til ordinær turnus i bustadar

Tiltaksbeskriving

Åsesvingen bustader har hatt to langturnusar. Det er no utarbeidd ein felles ordinær turnus. Dette fører til betre kontinuitet for bebruarane og ei meir effektiv drift. Det har i tillegg gitt ei økonomisk innsparing.

Endringsbeskriving

Dette innsparingstiltaket vert teke ut av budsjettet, for å kunne halde fram med langvakter der det er best for brukarane.

Møbler omsorgssenter

Tiltaksbeskriving

Ved Ørskog omsorgssenter er det behov for innkjøp av nye spisestuestoler, samt høgrygga lenestolar.

Det har ikkje vore innkjøp av møbler dei siste åra.

Det er ikkje mogleg å gjennomføre innkjøp dersom ein skal nytte driftsbudsjettet.

Kommunalsjef har ikkje funne rom for å tilføre verksemda ytterlegare økonomisk ramme. Tiltaket må gjennomførast innafor verksemda sine ressursar.

Organisering av sjukepleiarar i stab, Skarbøvik sykehjem

Tiltaksbeskriving

Organisering av sjukepleiarar i stab, Skarbøvik sykehjem

Problemstilling: Det er vanskeleg å rekruttere nye sjukepleiarar ved institusjonen. Dette er eit nasjonalt problem, og vi har forsøkt å finne gode løysingar på dette lokalt

Tiltak: Frå hausten 2021 har vi organisert sjukepleiarane slik at vi sikrar at det alltid er minst to sjukepleiarar på vakt på dag- og kveldstid, og ein på natt. Dette meiner vi må til for å ha forsvarleg dekning av sjukepleiarkompetanse. Institusjonen har 58 bebuarar med omfattande hjelpe- og behandlingsbehov.

Dei to sjukepleiarane som går i stab må erstattast av helsefagarbeidar eller pleieassistent i avdeling. Dette medfører auka lønsutgifter for to personar på dag og to personar på kveld.

Målsetting: Å behalde og rekruttere tilstrekkeleg med sjukepleiarar ved institusjonen, ved å sørge for gode og trygge arbeidsforhold, der sjukepleiarane opplever å utføre forsvarleg helsehjelp. Som eit resultat av dette, vil det vere lite/ikkje behov for å nytte vikarbyrå.

Resultat fram til d.d.:

Sjukepleiarane uttrykker stor trivsel med ordninga. Dei kjenner seg trygge på jobb, og er glade for høvet til no å få utføre oppgåvene sine på ein god og forsvarleg måte. Dei har turnus med arbeid kvar 4.helg, og langvakter på helg (etter eige ønske). Når dei ikkje har stabs-vakt, har dei ordinære vakter i avdelinga. Slik opprettheld dei nærkontakt med pasientgruppa si, i tillegg til å ha god oversikt over heile institusjonen. Vi har rekruttert fire nye sjukepleiarar

denne våren, der dei oppgjev denne stabsordninga som årsak til at dei søkte seg hit. Sjukepleiarane seier at denne ordninga er viktig for at dei framleis skal jobbe ved institusjonen.

Fagleg:

- Oppfølging og behandling av pasientar blir utført på ein god og sikker måte, og vi har ikkje hatt avvik rundt dette i perioden.
- Sjukepleiarane brukar ledig kapasitet under stabsvakter til undervisning og veiledning avpleieassistentar og helsefagarbeidarar. Dette er sett i system, og er med å auke kompetansen for denne ansattgruppa. Særleg pleieassistentar under utdanning har vi fokus på.
- Pårørande opplever å alltid ha tilgang til sjukepleiar som kan gi dei god informasjon, og tid til samtale.

Økonomisk:

Ordninga medfører ekstra innleie av helsefagarbeidar/pleieassistent som skal erstatte sjukepleiaren sine pleieoppgåver i avdeling. Det betyr to innleige pr vakt gjennom heile veka. Før denne ordninga hadde vi også ekstra innleie når sjukepleiar måtte ha åleineansvar for institusjonen. Dette skjedde kvar helg og nesten kvar kveld. Differansen mellom “før og etter” er utrekna til ca 3,3 årsverk. Dette utgjer i lønnsutgifter inkludert tillegg, men utan sosiale utgifter ca 1,64 mill.

Kommunalsjef har ikkje funne rom for å tilføre verksemda ytterlegare økonomisk ramme. Tiltaket må gjennomførast innafor verksemda sine ressursar.

Omstillingsarbeid i høve introstønad/vaksenopplæring - flyktning

Tiltaksbeskriving

Det er eit behov for å effektivisere bruk av vaksenopplæringa og auke bruken av arbeids-/praksisplassar for flyktningar ytterlegare. Det er lagt inn eit innsparingstiltak på dette på 2 millionar kroner for 2023 (vidareført frå 2022). Det er etter kvart ein større andel flyktningar enn tidlegare som går over i grunnskuleopplæring etter avslutta introprogram. Sjølv om det er ein tydeleg samanheng mellom langsiktige løp som involverer grunnskule og gode sysselsettingsresultat over tid, er det ikkje alle som har like godt utbyte av grunnskuleopplæringa. For denne gruppa er det ei målsetting at dei skal kome raskare ut i arbeid eller arbeidspraksis. Dette fordrar eit tettare samarbeid med NAV og at fleire verksemdar i kommunen seier seg villige til å ta imot kandidatar for arbeidspraksis.

Det må arbeidast for å omstille og effektivisere bruk av vaksenopplæring og auke bruken av praksisplassar m.m. for å få ned kostnader på dette området. Ein tar sikte på ein prosess som skal føre til ei relativ innsparing i 2022 og økt innsparing i 2023 og vidare.

Fagstab opplæring - endra tildelingspraksis spesialpedagogisk hjelp til private skular

Tiltaksbeskriving

De private skolene har svært mange enkeltvedtak knytta til spesialundervisning.

- Friskoler som ikke er spesialskoler for funksjonshemmede, finansieres med utgangspunkt i et tilskuddsgrunnlag. Tilskuddsgrunnlaget blir beregnet ut fra innrapporteringer av regnskapstall fra kommuner og fylkeskommuner i rapporteringssystemet KOSTRA og er gjennomsnittlige driftsutgifter i offentlig skole per elev korrigert for enkelte utgifter, jf. friskolelova § 6-1. For hver elev mottar friskolene 85% av dette grunnlaget som statstilskudd, og skolene kan kreve inntil 15% av grunnlaget som skolepenger.
- Det følger av friskolelova § 3-6 annet ledd annet punktum:
- «Heimkommunen eller heimfylket skal dekkje utgiftene til spesialundervisning i frittstående skolar på lik linje med offentlege skolar. Berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning.»

Grunnskule - endra tildelingspraksis spesialpedagogiske tenester

Tiltaksbeskriving

Andel barn som får spesialundervisning i Ålesund ligg på vel 9,1% for barneskolane og 10,1% på ungdomstrinnet (tala er medrekna også friskolane). Talet på barn med enkeltvedtak har auka litt siste åra og er høgare enn dei kommunane vi samanliknar oss med.

Samtidig er det ei auke i antal timer som gis til barn som får vedtak om spesialundervisning. Totalt brukar vi vel 24 % totalressursar på undervisning til å gi spesialundervisning. Også dette er høgare en gjennomsnittet for dei kommunane vi samanliknar oss med.

I Ålesund kommune (alle kommunane i den nye storkommunen) har det vært arbeidet systematisk med *Tidlig innsats* dei seinare åra, og denne satsinga må vidareførast, men den må vidareførast i større grad gjennom det ordinære opplæringstilbodet. Det vert arbeidd med å forbedre prosessane for utarbeiding av dei sakkyndige vurderingane i PPT. Dette skal sikre målretta spesialpedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i skolen av høg og likeverdig kvalitet for barn/elevlar som har behov for dette.

Samtidig er vi nødt til å ta innover oss at vi brukar meir på det spesialpedagogiske området og må gjennomføre tiltak for å få ned talet på enkeltvedtak og ikkje minst omfanget på timar i enkeltvedtaka. I dag brukar vi minst 165 millionar på spesialpedagogiske tiltak .

Redusert bruk av konsulenttenester i barnvernet

Tiltaksbeskriving

Det er budsjetttert med bruk av sakkunnig/konsulenttenester i barneverntenesta. Utreiing av barnevernssaker skal i større grad utførast internt i tenesta og sakkunnig skal kun nyttast i særleg komplekse saker.

Reduksjon skoleledelse Haram*

Tiltaksbeskriving

Reduksjon i den nye ledermodellen i Haram, med et generelt nedtrekk i ledelse og økt undervisningsplikt for gjenværende ledere. Denne posten har sin motpost i styrka bemanning i klasserommet i Haram kommunedel.

Reduksjon spesialundervisning*

Tiltaksbeskriving

Ynskjer eit sterkare fokus på tilrettelagt undervisning i klasserommet der ein set i verk førebyggjande tiltak tidleg. Med ei slik satsing reknar vi med at behovet for spesialundervisning går noko ned . Derfor dette nedtrekket i økonomiplanperioden.

Styrke ordinær undervisning*

Tiltaksbeskriving

Auka ressurs i klasserommet for å sikre tilpassa undervisning til fleire. Vi brukar ein urovekkande høg andel av undervisningsressursane til spesialundervisning - der vi tek elevar ut av klasserommet. Vi ynskjer å legg meir vekt på tilpassa undervisning for å redusere behovet for spesialundervisning.

Styrking av bemanning i klasserommet Haram*

Tiltaksbeskriving

Høyere tilstedeværelse av lærere og miljøarbeidere/assistenter i klasserommet. Dette er ein motpost til redusert leiarressurs i grunnskulen i kommunedel Haram.

Ressursar til rullering av arealplan

Tiltaksbeskriving

Rullering/samordning av ein arealplan for heile den nye kommune er ei svært arbeidskrevande oppgåve, og vil krevje fleire årsverk over fleire år. Planavdelinga kan ikkje gjennomføre denne oppgåva med dagens bemanning.

Auke i talet på offentlege planar

Tiltaksbeskriving

Det er stor aktivitet i kommunen (Bypakken, Sørsida, vatn og avløp) og dette genererer meir arbeid i avdeling arealplan. Alle prosjekta krev regulering, og handsaming av offentlege planar er det ikkje mulig å kreve gebyr for. Det er viktig at kapasiteten i avdeling arealplan er tilstrekkeleg slik at ikkje offentlege prosjekt vert forsenka på grunn av lang sakshandsamingstid.

Deltagelse i NOVU

Tiltaksbeskriving

Det nordiske venskapsby-samarbeidet blei oppretta i 1947, og det er soleis lange tradisjonar for utveksling og vitjing innanfor kulturområdet. Dei fem byane som har kvarandre som gjensidige venskapsbyar er Akureyri (Island), Lahti (Finland), Randers (Danmark), Västerås (Sverige) og Ålesund. Venskapsbyane (NOVU) blir arrangert årleg der vertskapet rullerar mellom byane. I 2023 er det Akureyri som inviterar.

Rammene for deltakinga i NOVU er slik at kvar by kan delta med ein delegasjon på inntil 24 personar fordelt på ungdommar, ungdomsleiarar, politikarar og tenestemenn. Med bakgrunn i kommunen økonomiske situasjon, bør Ålesund i 2023, som tidlegare år, stille med ein redusert tropp. Rådmannen i gamle Ålesund bestemte i 2018 at Ålesund kan delta med ei ungdomsgruppe på 10, 1 ungdomsleder, 2 politikarar fra KOU og 3 tenestemenn. Vi ser no at det er hensiktmessig å sende 2 ungdomsledarar og heller sende 2 tenestemenn.

Programmet har dei siste åra hatt FNs tusenårsmål som gjennomgangstema. Frå og med 2016 har FN erstatta desse med 17 berekraftmål.

NOVU har hatt stor betydning for både ungdommar og vaksne som har delteke, for gjensidig utvikling, læring og samhandling mellom venskapsbyane. Det er ingen tvil om at dette samarbeidet er til inspirasjon, og fremmar innovasjon. Den nordiske modellen og samhaldet er kanskje viktigare en nokon gong, når vi ser kva som skjer i Ukraina og resten av verda.

I 2026 er det Ålesund sin tur til å vere vertsby, då er beløpet tatt utgangspunkt i då vi var vertskommune i 2019.

Delvis tilbakerføring av søkbare tilskot til barn og unge

Tiltaksbeskriving

Tilskotet til frivillige lag blei i 2020 redusert med kr 1 600 000.- Det er sterkt ønskeleg at desse midlane blir tilbakeført, slik at kommunen ivaretek dei frivillige laga sine moglegheiter til å skape gode rammer for born og unge i kommunen. I ei tid der fråfallet frå kultur og idrett er stort etter pandemien og vi har sett konsekvensane dette har for ungdomskulturen, bør dette prioriterast

Feilretting og kvalitetssikring av matrikkelen

Tiltaksbeskriving

Feilretting og kvalitetssikring av opplysningar i matrikkelen. Matrikkelen vert nytta som grunnlag for utrekning av eigedomsskatt samt for å identifisere eigedomstilhøve og nabogrenser. Feil i matrikkelen skaper og store utfordringar ved kjøp og sal av eigedomar, ved fastsetting av formålsgrense i planarbeid og for bygge- og delesaker.

Ingen auke i kontingentsatsane for kulturskule i 2023

Tiltaksbeskriving

Pris er ein ekskluderande faktor, og det er ei kjennsgjerning at mange familiar slit med økonomien og å ha råd til fritidsaktivitetar for barna sine. Berre i løpet av det siste året situasjonen forverra seg for mange. Å halde elevkontingentane i kulturskolen på 2022-nivå, dvs. ikkje auke med 3,5 %, vil vere eit lite bidrag for å hindre utanforskap på grunn av økonomi.

Innføring av opplevelseskortet

Tiltaksbeskriving

Opplevelseskortet er eit særst viktig tilbod til dei som har aller minst i samfunnet. Denne løysninga gjer born i lavinntektsfamilier gratis kultur- og idrettsopplevingar, noko som kan vere med på å minske utanforskap, stigmatisering og forskjellar i samfunnet.

Opplevelseskortet blei i si tid initiert av Ann Kristin Bekkevold i samarbeid med Ålesund kommune, og seinare overtatt av fylkeskommunen. Fylkeskommunen la ned ordninga for nokre år sida. Bekkevold har no vidareutvikla tilbodet til å bli digitalt, og bidreg også med kommunikasjonen med kulturinstitusjonar som bidreg med billetter. Det er NAV som plukkar ut mottakarar frå lavinntektsfamiliar. Bekkevold ønsker sterkt at Ålesund kommune deltek i ordninga, og tilbyr oss difor ein god pris.

Kulturskoletilbod i SFO (1. - 3. trinn)

Tiltaksbeskriving

Kulturskolen sine tilbod er tredelt: breiddetilbod, kjernetilbod og fordjupingstilbod. Breiddetilbodet er aktivitetsbasert og i grupper, gjerne i samarbeid med skole og SFO. 123-klang er eit populært song-/aktivitetstilbod for elevar på 1 - 3. trinn, som når mange elevar. I dag har vi 123-klang på fire skolar i kommunen, men ikkje kapasitet til å utvide til fleire skolar. Med denne styrkinga kan vi gi tilbod til halvparten av skolane i Ålesund.

Styrking (gjeninnføring) av musikkterapitilbodet

Tiltaksbeskriving

Musikkterapi er eit fagfelt som ser samanhengar mellom musikk og helse. Barn, ungdom, vaksne og eldre med psykiske vanskar, med utviklingsmessige utfordringar og lærevanskar, menneske med aldersrelaterte vanskar som demens, Parkinson og hjerneslag, personar med rusproblem, hjerneskadar, fysiske funksjonshemmingar og andre fysiske og psykiske lidingar har nytte av musikkterapi.

Kulturskolen har hatt samarbeid med institusjonar, skolar og barnehagar om musikkterapi, men på grunn av dårleg økonomi vart alle avtalar sagt opp frå og med 2022.

Medan vi hadde 1,4 årsverk innafor musikkterapi for få år sidan, er ressursen pr. i dag på 0,6 årsverk. Behovet er der, men ikkje økonomien til å kjøpe tenester til kostpris. Ved å styrke kulturskolen si økonomiske ramme kan vi tilby tenestene rimelegare til dei kommunale verksemdene.

Tiltaket er foreslått fverksett frå og med skoleåret 2023/24.

Styrking av mannskap knytt til vedlikehald av grøntområde

Tiltaksbeskriving

Med den bemanninga kommunen har pr idag er det ikkje mogleg å halde same standard på kommunen sine grøntområde som mange innbyggjarar forventar.

Styrking/vidareføring av teatertilbod (Gomerteateret og tilrettelagt teater for personar med funksjonsnedsettingar)

Tiltaksbeskriving

Med dei lange ventelistene vi har i kulturskolen, er det lang igjen før vi når visjonen “kulturskole for alle”. Eitt er at vi ikkje har elevplass til alle som ønsker det, men vi har også svært ulikt tilbod i dei ulike kommunedelane. Teatertilbodet vårt er svært populært, og vi har nesten 300 søkjarar på venteliste. Vi har to prosjekt i gang, Gomerteateret - eit teatertilbod for kommunedelane Skodje, Ørskog og Haram, og tilrettelagt teater for ungdom med funksjonsnedsettingar, som vi ønsker å vidareføre på permanent basis.

Tilbakeføring Drømmesommer

Tiltaksbeskriving

Drømmesommer er eit feiretilbod til born og unge mellom 8-16 år fra Ålesund kommune, der mange av brukarane kjem frå utsette og sårbare grupper. Kultur har 30 års erfaring med å arrangere ferietilbod til denne gruppa. Vi legg stor vekt på å ha høgt kvalifiserte leiarar innan friluftsliv, kunst, kultur og sosialt arbeid, og er opptekne av å gi alle born ei trygg og uforglemmeleg oppleving. I Drømmesommer kan ein velkje mellom fleire turar, noko for ein kvar smak og aldersgruppe. Drømmesommer er også opptatt av mangfald. Her kan både funksjonsfriske og dei med ulike utfordringar ha fantastiske opplevingar saman.

Ferieturane er eit særst viktig tilbod, spesielt til dei som har behov for avlastning og dei som av økonomiske og andre årsakar ikkje har tilgong på ferieturar. Drømmesommer også ei viktig ordning for å hindre utanforskap og sosial stigmatisering.

Tilskot Aalesund museum

Tiltaksbeskriving

Aalesund museum har søkt Ålesund kommune om driftstilskot gjeldande frå 2023 og om at museet mottar driftstilskot årleg. Som begrunnelse for søknaden, viser museet til fjorårets søknad som blei avslått i kommunestyret med følgjande ordlyd:

Ålesund kommunestyre ber om å få tilbake en saken etter fylkeskommunens initiativ i kulturnæring- og folkehelseutvalget er behandla.

Saka er enno ikkje ferdigbehandla i fylkeskommunens Kultur,næring og folkehelseutval.

Endringsbeskriving

Ålesund kommunestyre er oppteken av sikring av kulturarven og vil at Ålesund kommune i samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune bidrar til å finne ei god løysing for museumsreformen.

Redusere ventelistene på dans

Tiltaksbeskriving

Vi er langt frå å nå visjonen "kulturskole for alle" så lenge ventelistene for elevplass er "uendelege". Vi har nærare 400 søkjarar til dansetilboda våre, og det er ei målsetting å kunne utvide tilbodet til fleire elevar.

Redusere ventelistene til visuell kunst

Tiltaksbeskriving

Visuell kunst er det minste faget i kulturskolen, der vi har svakast bemanning (0,6 årsverk) og færrest elevplassar. Også her er søknaden stor og ventelistene lange. Tilbodet er heller ikkje andre plassar enn i sentrum og i Ørskog. Det er ei målsetting å få i stand tilbod m.a. på Harøya.

Endring i ramme ÅKE 2023

Endringsbeskriving

